

Tilsynssensorrapport 2013-2014, bacheloremner, sosiologi, Institutt for sosiologi og samfunnsgeografi, Universitetet i Oslo.

Bakgrunnsinformasjon

I høve til karakterfordeling og klager på resultat til eksamen gjeld denne rapporten for emna SOS1000, SOS1001, SOS1120, SOS2001, SOS2202, SOS2500, SOS2603, SVMET1010.

I tillegg er informasjonen på nettet om emna SOS1003S, SOS1120, SOS2100, SOS2200, SOS2300, SOS2402 og SOS2800 vurderte for hausten 2013 eller våren 2014.

Ei meir inngående evaluering er gjort at tre emner:

- SOS1000 – Innføring i sosiologi
- SOS2300 – Marginalisering, kriminalitet og rusmiddelbruk
- SOS2402 – Family, gender equality and the welfare state

Saman med evalueringa av SOS1000 er også SOS1001 vurdert grundigare enn dei øvrige emna.

Underteikna er oppnemnd som tilsynssensor for tidsrommet 2013-2017.

Utforming av arbeidet

Arbeidet er i hovudsak gjennomført på grunnlag av det grunnmaterialet eg har motteke fra Institutt for sosiologi og samfunnsgeografi og på grunnlag av informasjon på instituttet sine heimeseider. Dette er

- Oversyn over karakterfordeling på dei emna som er nemnde ovanfor
- Oversyn over karakterfordeling i klagekommisjonar haust 2013-vår 2014
- Emneskildringar, eksamensoppgåver, pensumlister og anna informasjon som ligg tilgjengeleg på nettet
- Tilsende evalueringar for SOS1000, SOS2300 og SOS2402
- Tilsendt informasjon og tilsende eksamensoppgåver for SOS1000, SOS1001, SOS1120, SOS2001, SOS2202, SOS2500, SOS2603, SVMET1010 (alle haust 2013) og SOS2402, SOS1120, SOS2100, SOS2200, SOS2300, SOS2500, SOS2800 og SVMET1010 vårsemesteret 2014
- Sensorrettleiingar for SOS1000 og SOS1001 hausten 2013.
- Ni tilsendte eksamensoppgåver – 3 stk for SOS1000, 3 stk SOS2402 og 3 stk for SOS2300 – som tilsynssensor har vurdert.

Utover dette har det ikkje vore avtalt møter med instituttet i 2014. Kommunikasjonen med instituttet har funne stad pr. e-post.

Evaluering av vurderingar og vurderingsordningar

Slik tilfelle var for 2012-2013, framstår nettsidene for dei ulike emna stort sett som gode, ryddige og informative. Studentane finn stort sett den informasjonen dei treng for det gjevne kurset, og dei obligatoriske krava for å kunne gå opp til eksamen er klart spesifiserte.

Sensurordningane følgjer så langt tilsynssensor kjenner til framleis ei ordning med ein intern sensor og ein ekstern sensor i kvar kommisjon. Som framheva i førre rapport, er dette ein modell det er gode grunnar til å halde fast ved, då det

- sikrar ei upartisk og fagleg trygg prøving og vurdering av prestasjonane
- fremjar ein sams praksis i karaktersetjing på tvers av ulike institusjonar.

Kort evaluering av enkeltemner

Nedanfor følgjer ei kort vurdering av dei enkeltemna eg har fått tilsendt karakterinformasjon om. Ytterlegare informasjon er henta frå instituttet sine nettsider.

SOS1000 og SOS1001:

Desse kursa er gjenstand for ei meir inngåande evaluering, og vert omtalte til slutt i rapporten.

SOS1003 og SOS1003S Sosiologiens klassikere og det moderne samfunn

Talet på forelesningar (12 stk) er det same som ved tilsvarende kurs ved andre lærestader.

Tilsynssensor har ikkje kunna vurdere samsvaret mellom pensum og forelesningsplan på SOS1003, då temaer for enkeltforelesningar ikkje framgår av nettsidene for våren 2014. Dette kan med fordel leggast ut, noko som verkar vere gjort for vårsemesteret 2015. Utan denne informasjonen vil studentane vanskeleg kunne førebu seg til forelesningane.

Eksamensforma – 6 timer skuleeksamen - er mykje lik den ein finn ved andre lærestader. Generelt er tilsynssensor framleis av den oppfatning at ein eksamen av denne lengda er betre enn eksamenar som varer 3 eller 4 timer.

Karakterfordelinga på SOS1003 følgjer no ei tilnærma normalfordelingskurve, noko som ikkje var tilfelle i 2012-2013. På SOS1003S var det i 2014 ei forskyvning mot karakteren D, dvs. den motsette tendensen enn i 2012-2013. Dette tyder på at skeivfordelinga i 2012-2013 var eit tilfeldig utslag.

SVMET1010 – Kvalitativ metode

Kurset følgjer i det vesentlege det same opplegget som SOS1003, med 12 forelesningar og 10 seminarmøter. Antalet forelesarar er høgt, med dei moglege utfordringane det kan ha for samordning og for å halde på den rauden tråden i kurset, men dette verkar ikkje å utgjere noko problem.

Samla framstår kurset som velfungerande, sjølv om karakterfordelinga er skeiv i retning av karakteren B. På eit kurs med så mange studentar (82 møtte til eksamen) er dette noko uventa. Våren 2013 var ikkje dette tilfelle. Ein kan derfor ikkje lese noko bestemt mønster ut av karaktersetjinga på emnet i 2014.

Emnet var gjenstand for ei meir omfattande vurdering i førre tilsynssensorrapport (2012-2013), og vil derfor ikkje vert yttelegare kommentert i rapporten for 2013-2014.

SOS1120 – Kvantitativ metode.

Samsvaret mellom pensum og læringskrav er godt, og pensum er også på eit godt fagleg nivå. At studentane får ei innføring i STATA allereie på eit introduksjonskurs, er både positivt og ambisiøst.

Eksamens er som før noko kortare enn på tilsvarende integrerte kurs andre stader (4 timer), men med fleire obligatorisk innleveringsoppgåver (4 stk i kvantitativ metode aleine).

Gjeve omfanget av pensum kan ein framleis vurdere å utvide sjølve skuleeksamen.

Karakterfordelinga våren 2014 følgjer normalfordelingskurva, noko som ikkje var tilfelle hausten 2013, då 50% av dei som besto eksamen fekk karakteren A eller B. I førre sensorrapport vart denne skeivfordeling kommentert. Forskjellen mellom karakterane i hhv haust- og vårsemester er påfallande stor, men tilsynssensor har ikkje grunnlag for å vurdere moglege årsaker til dette. Fordelinga for våren 2014 er meir i tråd med det ein kan vente for eit kurs av denne typen.

SOS2001 Moderne sosiologisk teori

Dette kurset var vurdert i større djupne i førre sensorrapport (2012-2013), og vil derfor bli meir overfladisk kommentert i denne rapporten.

Pensum verkar å ligge fast, med Gunnar C. Aakvaag si bok som hovudbok for kurset. Saman med kompendiet dekkjer pensum det eit kurs som dette bør ta mål av seg å presentere for studentane. Tilsynssensor er ikkje kjent med om debatten i Programrådet om Aakvaag si bok no er endeleg avslutta (sjå førre sensorrapport), men det at boka framleis er pensum tyder på at ein pr. i dag ikkje er innstilt på å gjere større endringar.

Karakterfordelinga er noko, men ikkje urovekkjande skeiv i retning karakteren B.

SOS2100 - Ulikhet: klasse, kjønn og etnisitet

Dette kurset romma våren 2014 totalt 11 forelesningar. Dei tre bøkene på pensum dekkjer sentrale problemstillingar i spørsmål om sosial ulikskap, samstundes som nyare forsking om norske tilhøve vert dekka inn. Samsvaret med læringsmåla er godt. Eksamensforma – semesteroppgåve (bestått/ikkje bestått) og 6 timars skuleeksamen – er det same som det ein finn på tilsvarande kurs ved andre lærestader.

Også for våren 2014 følgjer karakterfordelinga tett på normalfordelingskurva.

SOS2200 - Organisasjon ledelse og arbeid.

Kurset følgjer i det vesentlege det same opplegget som SOS2100, med 10 ordinære forelesningar og ein avsluttande, samanfattande forelesning. Vurderinga av kurset er også den same: samsvaret mellom pensum og læringsmål er godt, og eksamensforma velprøvd.

I 2012-13 var karakterfordelinga er noko skeiv. I 2014 ligg karakterane nærmare normalfordelingskurva.

Det kan nemnast at dette kurset i 2014 hadde noko fleire klager på karaktersetjinga enn andre kurs på 2000-nivå, utan at dette var på eit urovekkande nivå. Vurderinga av klagene er omtalte nedanfor.

SOS2202 – Vitenskap og teknologi i organisasjon og samfunn

Kurset følgjer i det vesentlege det same opplegget som SOS2200, med 10 forelesningar pluss ein avsluttande spørjetime. Vurderinga av kurset er også den same: samsvaret mellom pensumet på 880 sider og læringsmål er godt, og eksamensforma velprøvd.

Emnet er eitt av dei med relativt få studentar, og karakterane var i førre rapport sterkt skeivfordelte i retning karakteren B. Hausten 2013 var dei tilnærma normalfordelte.

SOS2500 - Kulturanalyse, diskurs og semiotikk - et sosiologisk perspektiv

Emnet har same eksamens- og undervisningsform som dei øvrige emna på 2000-nivå, men emneskildringa varierer frå haust til vår. Det same gjer karakterfordelingane.

Prestasjonane på eksamen våren 2014 er klart betre enn prestasjonane hausten 2013, då fordelinga var nærmere normalfordelt. Dette skuldast primært at det er færre studentar som vart vurderte til karakteren C våren 2014. Sjølv om det var fleire studentar som tok emnet hausten 2013 enn våren 2014, kan ein vere merksam på denne forskjellen.

Skeivfordelinga på emnet var også omtalte i den førre tilsynssensorrapporten, ettersom meir enn 50% av dei som sto på eksamen hausten 2012 fekk karakteren A eller B.

SOS2603 – Scandinavian welfare society.

Som tittelen tilseier er dette eit emne det vert undervist i på engelsk. Samsvaret mellom pensum og læringskrav er godt, og antalet forelesningar på nivå med det ein finn på dei andre kursa.

Karakterfordelinga hausten 2013 skil seg klart ut i høve til fordelinga for det andre engelskspråklege emnet, SOS2402, ved at nesten 50% oppnår karakteren A eller B, og knapt 20% karakterane D eller E.

Varer forskjellen i karaktersetjing mellom dei to engelskspråklege emna ved over tid, kan instituttet vurdere å sjå nærmare på moglege årsaker til spriket.

SOS2800 - Flukt, migrasjon og flerkulturelle spørsmål

Emnet følgjer malen for emner på 2000-nivå, med 10-12 forelesningar, obligatorisk semesteroppgåve og 6 timars skuleeksamen.

I førre rapport var den sterkt skeive karakterfordelinga påpeikt. Vårsemesteret 2014 følgjer karakterane tett på normalfordelingskurva.

SOS3090 - Sosiologisk analyse-bacheloroppgave

Våren 2013 var informasjonen på heimesidene også til dette emnet noko mangelfull iht læringskrav (jf.

<http://www.uio.no/studier/emner/sv/iss/SOS3090/v13/pensumliste/index.html> .

Også dette emnet er annleis organisert iht talet på forelesningar (3 forelesningar – 10 seminarmøter).

Karakterfordelinga er noko skeiv, med hovudvekt på karakterane C og B. Ettersom dette er ei bacheloroppgåve som studentar ofte arbeider meir inngående med over tid, er dette ikkje i seg sjølv nokon grunn til å sjå nærmare på karaktersetjingspraksisen. At eit fåtal (4 studentar) får karakteren A, vitnar også om at det ikkje er snakk om ein inflasjon i retning av den aller beste karakteren.

Klagekommisjonar:

Ingen av emna utpeikar seg med *svært* høge antal klagesaker. At det td. ikkje er fleire enn seks klager på eit innføringskurs som SOS1001, der 123 studentar møtte til eksamen og der karakteren var endra til gunst for klagar i to tilfeller, vitnar om godt samsvar mellom kommisjonane. Fordelinga på emnet er likevel skeiv, jf. omtalen av emnet nedanfor.

Av dei 45 klagesakene eg har fått innsyn i som gjeld bachelorkursa, er karakteren elles endra til gunst for klagar i 9 tilfeller. Også dette vitnar om ein gjennomgåande god og forsvarleg bruk av karakterskalaen.

Av andre enkeltemner kan det nemnast at SOS2200 Organisasjon, ledelse og arbeid har endra karakteren til gunst for klagar i 3 av 5 tilfeller. For eit emne der 67 studentar har møtt til

eksamen er dette ikkje urovekkjande høgt, men emnet skil seg likevel ut frå dei øvrige emna på 2000-nivå. Trass i antalet klagesaker og endringar til gunst for klagar, tyder den samla karakterfordelinga ikkje på at karakterpraksisen er for streng.

Den samla vurderinga av klagesakene tyder på at samsvaret mellom vurderingane gjorde i dei opprinnelege kommisjonane og i klagekommisjonane er godt.

Drøftingar med fagmiljø/fakultet undervegs.

Som nemnt ovanfor, har det ved denne vurderinga ikkje vore avvikla møter med fagmiljø eller fakultet. Tilsynssensor har heller ikkje funne dette naudsynt ved denne evalueringa. Det har vore problemfritt å få tilgang til naudsynt dokumentasjon, og i dei tilfella eg har vore usikker på om noko er omfatta av oppdraget, har dette vorte raskt og effektivt avklart pr. e-post.

Vurdering av enkeltkurs.

Etter ynskje frå instituttet, har tilsynssensor sett meir grundig på fire enkeltkurs: SOS1000 og SOS1001, SOS2300 og SOS2402.

SOS1000 – Innføring i sosiologi.

Informasjonen på heimesidene både til dette og dei fleste andre emna iht pensum og læringskrav er lette å finne.

Samsvaret mellom pensum og læringskrav er godt. Eksamens er på 6 timer, og på linje med det ein finn for tilsvarande kurs ved andre lærestader.

Det samla pensum er likevel av eit betydeleg omfang, og var hausten 2014 på heile 2077 sider. Sjølv om dette kurset gjev 20 studiepoeng, kan ein eventuelt vurdere å redusere pensum noko. Det at SOS1001, som gjev 10 studiepoeng, har eit pensum på ca. 1000 sider, vitnar likevel om at samsvaret mellom antal studiepoeng og antal sider pensum er gjennomført i kursstrukturen. Ein eventuell reduksjon av antalet studiepoeng vil truleg medføre ei større omkalfatring av strukturen på programmet. Det må i så fall vere gjenstand for ei langt grundigare evaluering enn den eg gjer i denne rapporten.

Antalet forelesningar er høgt, og det same er talet på forelesarar. Ved liknande innføringskurs ved andre lærestader har det siste tidvis gjort det vanskelegare for studentane å finne den raude tråden i kurset, mykje på grunn av koordineringsvanskar mellom dei ulike forelesarane. Studentevalueringa tyder likevel ikkje på at dette er eit problem for SOS1000.

Forbettingspotensialet verkar primært å knytt til bruken av powerpoint, ein kommentar som elles er hyppig for andre kurs ved andre lærestader.

Den tilsende eksamensoppgåva, med ei kortvars- og ei langvarsoppgåve, er god. Dette bør sikre at ein både prøvar kunnskapsbreidda og –djupna til studentane som følgjer emnet.

Som for hausten 2012 følgjer karakterfordelinga hausten 2013 normalfordelingskurva, men med ei viss forskyvning i retning karakteren B. Skeivfordelinga er ikkje urovekkjande, og tilseier ikkje nærmere gransking av karakterpraksis.

Ein kan likevel spørje om ikkje sensorrettleiinga har eit visst forbetringspotensiale. Sjølv om praksis med å skrive denne etter ei første, rask gjennomlesing av eit fåtal oppgåver kan fungere godt, bør ein vurdere å klargjere minimumskrava for å få bestått, for å få karakteren C, og for å oppnå karakterane A eller B. I dei tilsende rettleiingane går dette ikkje klart nok fram.

Programsensor har fått tre eksamensoppgåver til gjennomsyn, vurderte til karakterane A, C og E. Trass manglane i sensorrettleiinga har eg ingen alvorlege innvendingar mot dei karakterane som er sette.

Prestasjonen vurdert til A er godt strukturert, demonstrerer god innsikt i arbeida til Wright, Goldthorpe og Bourdieu, og kunnskap ut over det nivået ein kan forvente av ein student på eit innføringskurs. Det same gjeld for kortvarsoppgåvene om Durkheim, om velferdsstatsregimer og om sosialt avvik. Oppgåva forsvarer derfor karakteren.

Prestasjonen vurdert til C er klart svakare, og enkelte kortvarsoppgåver ligg på grensa mellom C og D. Oppgåva om kjønnssegregering kunne også vore tydelegare forankra i pensum. Samla vurderer eg denne oppgåva til ein svak C.

Prestasjonen vurdert til E er den klart svakaste av dei tre, med fleire uheldige formuleringar, feilaktige påstandar og uryddig struktur. Kortvarsoppgåve 2 er heilt klart stryk. Oppgåva om kjønnssegregering er noko sterkare, men gjeve at ei av deloppgåvene under del 1 står til F, er karakteren E den rette for den samla prestasjonen.

SOS1001 – Introduksjon til sosiologi.

Som for SOS1000 er samsvaret mellom pensum og læringskrav er godt, og eksamen er også den same som for SOS1000.

Antalet forelesningar – 12 – er det same som på tilsvarende kurs av tilsvarende omfang ved andre lærestader.

Også for dette emnet følgjer karakterfordelinga normalfordelingskurva, men med ei noko sterkare forskyvning i retning karakteren B. 10% fekk også karakteren A. Samla gjer dette at meir enn 40% av dei som går opp til eksamen hausten 2013 fekk karakteren B eller betre. Varer dette ved, utan at det kan tilskrivast høg inntakskvalitet, kan utforming av oppgåver og krav til karakterane A og B vurderast meir inngående. Pr. i dag er det ikkje naudsynt.

Eksamensoppgåva følgjer same mal som SOS1000, med ei kortvars- og ei langvarsoppgåve. Dette er det ingen grunn til å endre.

Også på dette emnet har sensorrettleiinga eit visst forbetringspotensiale. Ved å klargjere minimumskrava for å få bestått, for å få karakteren C, og for å oppnå karakterane A eller B sikrar ein lettare ein sams praksis i dei ulike kommisjonane. Ettersom eg ikkje har fått tilsendt eksamenssvar for dette kurset, har eg ikkje grunnlag for å vurdere karaktersetjinga meir inngåande.

SOS2300 - Marginalisering, kriminalitet og rusmiddelmisbruk

Også dette kurset følgjer den malen som er skildra for enkeltemna ovanfor, og hadde 12 forelesningar våren 2014. På heimesida for emnet finn ein ikkje temaet for og heller ikkje det relevante pensumet som skal handsamast på dei einskilde forelesningane. Av same grunnar som nemnde ovanfor er dette uheldig. Evalueringrapporten tyder likevel ikkje på manglande informasjon har vore eit stort problem.

Også våren 2014 følgjer karakterfordelinga tett på normalfordelingskurva, slik ein kan forvente på denne typen kurs på dette nivået.

Eksamensoppgåva for kurset følgjer same mal som ein finn på dei andre kursa, med ei kortvarsoppgåve der ein skal svare på fire av fem oppgåver, og ei langvarsoppgåve med to valalternativ, der del 1 tel 1/3 og del 2 tel 2/3 . Sensor tykkjer som før nemnt at dette er ein god mal for utforminga av oppgåvene.

Evalueringrapporten tyder på at dette er emnet som dei studentane som tek det opplever som svært interessant, sjølv om ei av pensumbøkene (Hauge) skil seg ut med fleire negative kommentarar. Andre negative enkeltkommentarar i evalueringa er det liten grunn til å legge større vekt på, også fordi den heilskapsinntrykket er gjennomgåande er så positivt som det er.

Programsensor har ikkje kunna vurdere sensorrettleiinga for kurset, då denne ikkje er tilsendt.

Dei tre eksamensoppgåvene eg har fått til gjennomlesing som har fått karakterane E, C og A. Ettersom både pensumet og tematikken ikkje ligg nær mitt eige spesialtfelt, er det vanskeleg å vurdere finare, substansielle manglar ved oppgåvene, men også på dette kurset er eg i det vesentlege samd med dei karakterane som er sette.

- Oppgåva som har fått E har klare og store manglar, både ved svært korte, og dels manglande svar på kortvarsoppgåvene, og ved eit svakt svar på oppgåve 2. Prestasjonen på oppgåve 1 er så svak at den samla står til karakteren F. Oppgåve 2 vurderer eg til karakteren D. Om den endeleg karakteren då bør vere E eller F er avhengig av kva politikk instituttet fører når ei av oppgåvene står til F. I sensorrettleiinga for SOS1001 går det fram at *begge* oppgåver må vere bestått for at ein skal stå til eksamen. Dersom dette også gjeld for emna på 2000-nivået, ville eg ha vurdert denne prestasjonen til karakteren F.

- Oppgåva vurdert til C er heilt klart sterkare. Studenten viser kjennskap til pensum, og er i stand til å nytte dette på ein akseptabel, om ikkje utprega sjølvstendig og original måte. Karakteren framstår som korrekt for prestasjonen.
- Den sterkeste prestasjonen demonstrerer ein grundigare forståelse av, og også evne til å bruke pensum på ein meir sjølvstendig måte til å svare på det det er spurt etter, sjølv om svara på enkelte deloppgåver (t.d. spørsmålet om habitus) nok kunne ha vore meir presise. Svaret på deloppgåve 2 er godt strukturert, og dømet med romfolket er veleigna til å få kasta lys over det det er spurt etter (moralsk panikk). Svaret på del 2 er også sterkare enn på del 1. Gjeve at del 2 skal telje 2/3, kan ein forsvara, om enn med ein viss tvil, å gje studenten karakteren A på den samla prestasjonen.

Samla viser det tilsende materialet at kurset, trass enkelte innvendingar i evalueringa, er eit velfungerande kurs som studentar finn både interessant og relevant.

SOS2402 - Family, gender equality and the welfare state

Med 10 forelesningar, 6-timars skuleeksamen og ei obligatorisk semesteroppgåve følgjer SOS2402 den etablerte malen ved instituttet. Emneskildringa på nettet er no uttømmande, og på nivå med den ein finn for dei andre kursa, noko som var kommentert i den førre sensorrapporten.

Karakterfordelinga er framleis noko skeiv, ettersom relativt mange studentar får karakterane D eller E. I rapporten for 2012-2013 vart det kommentert at mange hadde fått C eller D. Over ein tre-års periode gjer altså studentane på dette kurset det gjennomgåande därlegare på eksamen enn det studentar på andre kurs på 2000-nivået gjer det, utan at eksamensoppgåva framstår som meir krevjande enn den ein finn for dei andre 2000-kursa. Ut frå dei tilsende oppgåvene verkar karaktersetjinga å vere forsvarleg, og ikkje strengare enn den bør vere (sjå meir om dette nedanfor).

Ettersom dette er eit engelskspråkleg kurs, kan ein vente at det vert teke av relativt mange utanlandsstudentar. Dersom dette medfører systematisk og varig därlegare inntakskvalitet, noko tilsynssensor ikkje har hatt grunnlag for å vurdere, kan instituttet også i framtida rekne med at karakterane på dette kurset vert noko därlegare enn på dei andre 2000-kursa. Dette er imidlertid ikkje tilfelle på det andre engelskspråklege emnet på 2000-nivået, SOS2603, som hausten 2013 har ei motsett skeivfordeling (sjå ovanfor).

I evalueringa er det ikkje noko som tyder på at studentane opplever kurset som uvanleg krevjande, men av grunnar som er omtalte i rapporten var det kun 14 som svarte på evalueringsskjemaet; alle internasjonale studentar. Gjennomgåande får kurset også ei god evaluering frå studentane.

Også på dette kurset har dei tre eksamensoppgåvene eg har fått til gjennomlesing fått karakterane E, C og A. Igjen er det slik at både pensumet og tematikken ikkje ligg nær mitt

eige spesialfelt. Som for SOS2300 er det derfor vanskeleg å vurdere finare, substansielle manglar ved oppgåvene. Med dette etterhaldet er eg nok ein gong i hovudsak samd med dei karakterane som er sette. Ei av oppgåvene kunne likevel ha vore vurdert noko strengare.

Prestasjonen vurdert til E er gjennomgåande svak, med fleire svært klare manglar. Kandidaten svarar t.d. kun på to av kortsvarsspørsmåla under deloppgåve 1. Svaret på oppgåve 2 er betre, men ikkje på C-nivået. Med ei samla tekstmengde på fire sider, og der deloppgåve 1 ligg nærmare ein F eller ein E, framstår den samla karakteren E som korrekt.

C-prestasjonen er i den nedre delen av intervallet for karakteren. Sjølv om kandidaten svarar på tre spørsmål under deloppgåve 1, er svara særskilt korte og også svært mangelfulle. Samla tekstmengd er knapt ei side, og to av svara er så dårlige at det er eit spørsmål om ein ikkje burde vurdere karakteren F på denne delen av eksamen. Under tvil står denne delen av prestasjonen likevel til karakteren E. Oppgåve 2 er klart betre, og står til karakteren C, kanskje også ein sterk C. Så svak som del 1 er, og med å vekte 1/3 og 2/3, ville underteknna truleg likvel ha vurdert den samla prestasjonen til å vere meir i retning av karakteren D enn C (gjennomsnittet vert 3,66, og med det nærmare D enn C).

Oppgåva vurdert til A er igjen den klart sterkeste av dei eg har fått tilsendt, med uttømmande svar på kortvarsoppgåva, og ein ryddig og god struktur på langvarsoppgåva. Pensum vert brukt på ein god måte, og kopla saman med relevante empiriske innsikter om Skandinavia. Prestasjonen skil seg heilt klart ut, og karakteren A framstår som korrekt.

Samla viser gjev tilsende materialet eit noko blanda inntrykk av kurset. Pensum og forelesningsopplegg er godt, og studentane er godt nøgde med kurset. Dei oppgåvene eg har vurdert, tyder ikkje på at karakterpraksisen på dette kurset er for streng. Oppgåvetekstane skil seg heller ikkje ut i høve til dei ein finn på tilsvarende kurs på 2000-nivået.

Trass i dette er eksamensprestasjonane svakare enn dei ein finn på andre kurs det er grunn til å tro har ein høg prosentdel utanlandske studentar. Varer dette ved, bør ein sjå nærmare på moglege årsaker til denne forskjellen, td. ved å sjå nærmare på inntakskvaliteten på dei ulike engelskspråklege kursa.

Samandrag og tilrådingar

Som i førre rapport vitnar det materialet eg har fått tilsendt om at det ikkje er grunn til å gjere større eller umiddelbare endringar av dei kursa eg har kunna vurdere.

Informasjonen om pensum og læringskrav til dei fleste emna er lette å finne på heimesidene, og samsvaret mellom pensum og læringskrav er gjennomgåande godt. For to av kursa - SOS1003/SOS1003S og SOS2300 – er informasjonen på nettet likevel mangefull. Dette bør rettast opp, og er til dels allereie gjort det.

Karaktersetjinga ved instituttet framstår som i tråd med dei nasjonale retningslinene. I årets evaluering er det færre skeivfordelingar enn i vurderinga for 2012-2013.

Det store fleirtalet av oppgåvetekstane til eksamen følgjer ein god og vel innarbeidd mal, som over tid har vist seg å fungere godt. Denne er det ingen grunn til å endre. Tilsynssensor har ikkje kunna vurdere nynorsk- eller engelskversjonen av oppgåvene. Lang fartstid frå eksamensutvalet ved Sosiologisk institutt, UiB, tilseier at det i utforminga av desse versjonane er naudsynt med ei kvalitetssikring av språket.

ISS kan vurdere om det ikkje bør innførast ein felles mal for alle sensorrettleiingar, der ei relativt detaljert skildring av emnet og plasseringa det har i studieløpet på bachelorprogrammet vert etterfølgd av ei rettleiing der krava til karakteren E, C og A/B er klart presiserte. Sjølv om dei sensorrettleiingane eg har fått tilsendt er fyldige, er det her likevel eit rom for forbetringar.

Dei tre (fire) kursa som er vurderte meir inngåande, framstår samla sett som velfungerande, interessante og fagleg solide kurs.

Som i førre rapport er hovudkonklusjonen følgjeleg at ISS sitt bachelorprogram framstår både som godt og velfungerande.

Bergen, 21.01.2015

Johs. Hjellbrekke